



Møte i skuleutvalet Vest-Telemark vidaregåande nr 2 25-26

Dato: 23.02.2026 12:45
Sted: Møterommet for lokale - Teams for eksterne
Deltakere: Heidi Hervik; Ilse Kornelia Hoomoedt; Siv Reidun Eide; Sofie Vågslid; Stig Kolbjørnsen; Ånund Bitustøyl Lien; Aanund Jentoft Nes Hauer
Fraværende: Even Solstad; Hildegunn Håland; Kjetil Kiland Haakenstad; Knut Magne Momrak; Microsoft 365 Backup; Oliver Supahs Larsen; Sverre Skogen; William Asnis Gauslå; Åne Vinjerui-Bergland
Kommentar: Tord Sandvik vikar for William, og Hildegunn Haaland har slutta som helsesjukepleiar og er erstatta av Marta Roholt (som ikkje møtte i dag)

1. Godkjenning av sakliste og referat frå sist møte

Kategori: Vedtak

Beskrivelse

Sjå vedlegg

Oppsummering

Gjennomgått

Beslutning

Godkjent

2. Elevundersøkinga

Kategori: Drøfting

Beskrivelse

Presentasjon og drøfting kring resultata frå undersøkinga i år.

Oppsummering

Tala for elevundersøkinga i år er omtrent dei same som tidlegare. Dei fleste endringane er enten det same, 0,1 opp eller ned.

Vi gjekk gjennom dei ulike punkta og drøfta der vi har resultat på 3,5 eller under.

Vi ligg i snitt over fylket på det meste, også på fullført og bestått, og karaktersnitt. Fråværet er lågare enn fylket.

Vi drøfta vurdering for læring og at tala mogleg kan bli betre her. Her vil det vere fint med eit forslag frå leiargruppa på kva som konkret kan gjerast, så kan SU også drøfte dette.

Beslutning

SU er veldig fornøgde og ser ikkje stort behov for å setje i verk ekstra tiltak. Mogleg jobbe vidare med vurdering for læring.

3. Saker som elevrådet har hatt oppe denne hausten

Kategori: Drøfting

Beskrivelse

Sist møte var det ynskje om å drøfte skidagen.
Vi har hatt solidaritetsaksjon - innspel etter denne?
Vedtak om Elevorganisasjonen?
Andre saker

Oppsummering

Skidagen er drøfta litt i elevrådsstyret og med Knut Magne, og SU meiner at dette er ein dag som ein ynskjer å halde fram med slik den er. Mogleg ekstra fokus på at alle får delta på sitt meistringsnivå, sidan dett er ein dag som nyttar kroppøvingstimar.
Solidaritetsdagen fungerer bra slik den er no.
Elevrådet er samde og har gjort vedtak om å melde oss ut av Elevorganisasjonen.

Beslutning

Tatt til orientering. Rektor følgjer opp utmelding av elevorganisasjonen

4. Innspel til emne for neste SU-møte

Kategori: Instilling/råd

Beskrivelse

Er det saker som kan vere aktuelle å jobbe med i neste SU-møte?
Forslag om møte 27.05 Kl 12.00

Oppsummering

I tilfelle vert nytt møte 26. mai. Her må me sjekke ut om det ligg eksamenar eller andre aktivitetar for medlemmane i SU.
Saker som kan vere aktuelle:
Vurdering for læring - korleis få opp tala i elevundersøkinga på dette emnet. Det vil forhåpentlegvis komme eit forslag frå leiargruppa som me kan jobbe vidare med.
Skuletilbodet: Når elevane har søkt, så må ein sjå på kva klassar ein kan setje i gang, eller om ein må slå saman grupper eller lage andre alternativ, Me får ein situasjonsrapport og kan drøfte dette.
Elles kan det komme på saker etter kvart. Ilse og Heidi/elevrådsstyret drøftar og ser om det er aktuelle saker å melde inn.

Beslutning

Leiar av SU og rektor set opp endeleg sakliste før møtet.

5. Ymse

Kategori: Drøfting

Oppsummering

Stig skryter av skulen.

Han informerte om utdeling av fagbrev - det blir delt ut fleire enn nokon sinne

Russefeiring; vedtatt å opprette eit fylkesrussestyre. Politisk sak som elevane kan komme med innspel til.

Beslutning

Info tatt til orientering